



Rusomsorg Vest Nappane
Titlandsvegen 359
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1181 - 17/30831

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

27.10.2017

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - trong for tilleggskontroll - gbnr 129/6 Nappane

Tiltak: Utsleppsløyve i samband med bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 129/6
Tiltakshavar: Rusomsorg Vest Nappane
Ansvarleg søkjar: Lyder Leithaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.10.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf forskrift om begrensing av forureining § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Nabovarsel**
Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at søknaden om utsleppsløyve er nabovarsla. I samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 punkt 2) skal partar og andre som kan bli særleg berørt varslast. Frist for innsending av merknader er sett til 4 veker. Dokumentasjon på at søknaden er nabovarsla må ettersendast.
- **Utsleppet sin storleik**
Utsleppet sin storleik er oppgitt til 50 pe. Vi ber om at det vert gjort greie for korleis utsleppet sin storleik er fastsett der ein tek utgangspunkt i tal pe i forhold til tal tilsette, brukarar, kapasitet i forsamlingslokale med meir, sjå NS 9426. Vi gjer merksam på at anlegget skal prosjekterast for maksimal belastning.
- **Utsleppsstad**
I punkt 7) i søknaden er det oppgitt at utsleppet frå reinseanlegget skal førast til jordbruksgrøft medan det i punkt 8) er oppgitt at utsleppet skal førast til stadeigne massar (etterpuleringsfilter med spreiegrøft på eigen eigedom). Det må gå eintydig fram av søknaden kor utsleppet frå reinseanlegget skal førast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Kommunen gjer merksam på at det vert sett krav om at utslepp frå reinseanlegg skal førast til bekk med heilårs vassføring, vassdrag, jordbruksgrøft eller sjø. Utslepp til stadeigne massar vert ikkje godkjend.

- **Reinsegrad**
Det er i søknadsskjema kryssa av for alle alternative reinsegrader. Det må gjevast opp kva reinsegrad anlegget har ved avkryssing av eitt av alternativa. Reinsegrada skal dokumenterast ved innsending av Sintef- godkjenning eller tilsvarande.
- **Brukarinteresser**
Det er ikkje oppgitt brukarinteresser i området. Kommunen er kjend med at det er brønnar i området, jf skriv frå eigar av gbnr 129/34. Brønnar og andre drikkevasskjelder bør visast på situasjonskartet og det må gjerast greie for utsleppet sin påverknad på desse og eventuelle tiltak som vert iverksett for motverka dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forskrift om begrensing av forurensing § 12-5, jf forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingeniør Lyder K Leithaug Bønesskogen 3B 5154 BØNES

Mottakarar:

Rusomsorg Vest Nappane Titlandsvegen 359 5912 SEIM

